

---

RAPPORT

# Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 127/91 mfl.

---

OPPDAGSGIVER  
Asset Buyout Partners AS

EMNE  
NML-rapport

DATO / REVISJON: 06. april 2022  
DOKUMENTKODE: 10221829-01-RAP-004

---



Multiconsult

Denne rapporten er utarbeidet av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag fra kunde. Kundens rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Hvis kunden i samsvar med oppdragsavtalen gir tredjepart tilgang til rapporten, har ikke tredjepart andre eller større rettigheter enn det han kan utelede fra kunden. Multiconsult har intet ansvar dersom rapporten eller deler av denne brukes til andre formål, på annen måte eller av andre enn det Multiconsult skriftlig har avtalt eller samtykket til. Deler av rapportens innhold er i tillegg beskyttet av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeidelse eller annen bruk av rapporten kan ikke skje uten avtale med Multiconsult eller eventuell annen opphavsrettshaver.

**RAPPORT**

OPPDRAF	<b>Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 127/91 mfl.</b>	DOKUMENTKODE	10221829-01-RAP-004
EMNE	NML-rapport	TILGJENGELIGHET	Åpen
OPPDRAFGIVER	<b>Asset Buyout Partners og Mongstad Eiendomsselskap AS</b>	OPPDRAFSLEDER	Christian Frønsdal
KONTAKTPERSON	Rolf Birkeland og Kjell Kallestad Stople	UTARBEIDET AV	Tom Rydland
KOORDINATER	FLEIRE	ANSVARLIG ENHET	Multiconsult Norge AS
GNR./BNR./SNR.	FLEIRE		

02	06.04.2022	Revidert etter dialogmøte med Statsforvalter	TV	CF	TR
01	21.12.2021	Revidert etter forundersøkelse	JV	CF	TR
00	09.03.2021	Rapport som grunnlag for oversendt planframlegg	SFE	CF	TR
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

## INNHALDSLISTE

<b>Naturmangfaldvurdering – Mongstad .....</b>	<b>5</b>
<b>1 Innleiing – om kunnskapsgrunnlaget og tilhøvet til konsesjonssøknadsprosessen.....</b>	<b>5</b>
<b>2 Planområdet.....</b>	<b>5</b>
<b>3 Landskap og vegetasjon .....</b>	<b>6</b>
<b>4 Vassmiljø etter vassforskrifta.....</b>	<b>6</b>
<b>5 Biologiske registreringar .....</b>	<b>7</b>
5.1 Verneområde .....	7
5.2 Artsregistreringar.....	7
5.3 Naturtypar .....	9
5.4 Sjøområda.....	10
5.5 Kystnære fiskeridata / økologiske funksjonsområde .....	11
5.6 Anadrome vassdrag i fjordsystemet .....	11
<b>6 Akvakulturlokalitetar i fjordsystemet.....</b>	<b>12</b>
<b>7 Resipientundersøkingar .....</b>	<b>13</b>
<b>8 Påverknad.....</b>	<b>17</b>
8.1 Landområda .....	17
8.2 Sjøområda.....	18
8.2.1 Arbeid i anleggsfasen .....	18
8.2.2 Fysisk påverknad på sjøbotnen .....	18
8.2.3 Utsleppet .....	18
8.2.4 Påverknad på resipienten .....	19
8.2.5 Spreiing av sjukdomar og lakselus .....	22
8.2.6 Rømming.....	23
<b>9 Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8-12 .....</b>	<b>23</b>
<b>10 Referansar: .....</b>	<b>26</b>

## Naturmangfaldvurdering – Mongstad

I alle saker som berører naturmangfald krev Naturmangfoldlova (NML) § 7 at vurderingane og vektleggingane med omsyn til naturmangfald (§ 8-12) framgår av vedtaket.

### 1 Innleiing – om kunnskapsgrunnlaget og tilhøvet til konsesjonssøknadsprosessen

Eit anlegg for landbasert akvakultur, som reguleringsplanen skal leggja til rette for, treng ein godkjent konsesjon. Fylkeskommunane avgjer akvakultursøknadar etter akvakulturlova. Søknaden vert sendt på høyring til relevante sektormynde og til lokaliseringskommunen. Reguleringsplanen gir dei overordna føringane for området, men drift av anlegget er regulert gjennom konsesjonen og dei løyva som vert gitt i denne prosessen.

Konsesjonssøknaden inneholder omfattande dokumentasjon som grunnlag for at dei ulike sektormynda skal kunne vurdere søknaden innan sine ansvarsområde. Avklaringar om produksjonsmengd, utslepp, avstand mellom anlegg og anna som har samanheng med drifta av matfiskanlegget, er tilhøve som vert utgreidd og regulert i konsesjon/løyve etter anna lovverk enn plan– og bygningslova (PBL). Som ein del av konsesjonssøknadsprosessen skal det gjennomførast ei førehandsgransking, og utførast straummålingar og straummodellering i sjøområda.


Sektormynda vurderer lover som gjeld matproduksjon og mattriggighet, vern mot forureining og avfall, bruk av hamner og farvatn, vassdrag og grunnvatn og dyrevelferd. Forholdet til friluftsliv og miljøstatus for vatn vert også vurdert i søknadshandsaminga.

Kartleggingar og eksisterande dokumentasjon vil verta trekt inn i reguleringsplanen som bakgrunnsmateriale for arbeidet for å belyse problemstillingar, men tilhøve som vert regulert i andre lovverk vert ikkje handsama som del av detaljreguleringa etter PBL. Det er viktig at det vert skilt mellom sjølve reguleringsplanen etter PBL, og tilhøve som ligg i konsesjonsvilkåra for lokaliteten.

Arbeidet med konsesjonssøknaden og grunnlagsmaterialet til denne er i oppstartfase på det noverande tidspunktet. Det er nyss utført ei førehandsgransking medan straummålingar og straummodellering konkret til lokaliteten er førebels ikkje utført. Det føreligg heller ikkje detaljert informasjon om planlagd produksjonsmengd, utsleppsmengd og -innhald eller reinsegrad. Vurderingane som er gjort i planarbeidet vil dermed vera basert på føreliggande kunnskap om sjøområda, samt generell kunnskap om påverknad frå utslepp frå landanlegg.

### 2 Planområdet

Planområdet ligg på Mongstad industriområde. Området er 1627 daa, og består i hovudsak av bebygd areal, med nokre område med skog (sjå arealressurskart i Figur 2-1).



Figur 2-1 Arealtype AR5. Kjelde: Økologiske grunnkart, artsdatabanken.

### 3 Landskap og vegetasjon

Planområdet ligg under marin grense, og berggrunnen innanfor planområdet består i hovudsak av anortositt, dels av amfibolitt. Anortositt er ein djupbergart som nesten utelukkande består av kalsium-natrium feltspat. Amfibolitt er ein mørk grønleg, metamorf bergart som hovudsakleg består av plagioklas og hornblende. Ifølge NGU sitt lausmassekart består grunnen av bart fjell, dvs at meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen.

Planområdet ligg i landskapsregion *kystbygdene på Vestlandet*, karakterisert ved langstrakte øyer og halvøyer i ein boge mot vest, der terrenget er godt avrunda og småkupert. Klimaet er sterkt oceanisk med milde vintrar. Her veks fleire artar som ikkje toler vinterkulde. Næringsrik grunn gir enkelte stader frodig vegetasjon, men det regionale preget er snautt og karrig, særleg ved ytterkysten. Lyngheier, fukthei og myr dominerer.


Planområdet ligg innanfor boreonemoral vegetasjonssone ifølgje *Nasjonalatlas for Norge: vegetasjon*. Ytst på Vestlandet dominerer open kystlynghei, ein naturtype som er skapt av menneskeleg aktivitet (brann, beiting, slått). Store areal med myr og hei, spesielt på Vestlandet, er tidlegare brukt til brenntorv. I det heile er størstedelen av areala i boreonemoral sone sterkt påverka og endra av menneskeleg aktivitet, og den boreonemoral sona er i stor grad prega av jordbrukslandskapet.

### 4 Vassmiljø etter vassforskrifta

Etter vannforskrifta §§ 4-6 er miljømål for overflatevatn og grunnvatn at tilstanden skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassforekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand.

Planområdet ligg innanfor vassforekomst 0261040101-11-C Fensfjorden, **Feil! Fant ikke referansekilden.**, i økoregion Nordsjøen nord, vannregion Vestland, og grensar til kommunane Alver, Ausrheim, Masfjorden og Gulen. Vassforekomst Fensfjorden er registrert med økologisk tilstand *moderat*, og kjemisk tilstand *dårleg* i mars 2022 (Kjelde: vann-nett). Påverknad på vassforekomsten er oppgitt til diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett, punktutslepp frå industri både kjemisk- og næringsforurensing, alle tre med liten grad av påverknad. For menneskeleg påverknad av anna årsak det er ukjent påverknadsgrad når det gjeld utslepp frå behandlingsanlegg for farleg avfall. Det er i følgje vann-nett registrert dårlig tilstand for nokre stoff i bunn sediment saltvatn, og for kvikksølv i mjukdeler av blåskjel.

Etter informasjon frå Statsforvalter i Vestland er det oppgitt at årsaka til økologisk tilstand *moderat* i vassførekomst Fensfjorden, i hovudsak skuldast målingar frå 2016 av sink-verdiar over grenseverdi i sediment på sjøbotn i sørlege del av vassforkomsten. Nyare målingar frå 2019 på same prøvestasjon viste tilstandsklasse *god*. I vassforskrifta er det «verste styrar» prinsippet som gjeld, og vil ifylge Statsforvalter gjelde fram til det blir tatt nye målingar i 2022.



Figur 4-1 Vannforekomsten Fensfjorden. Kjelde: [www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no)

## 5 Biologiske registreringar

### 5.1 Verneområde

Det er ingen verneområde innanfor planområdet, men det ligg nokre i områda rundt (ref. Naturbasekart).

Sørvest for planområdet ligg naturvernområdet Lurefjorden og Lindåsosane, som er ein del av marin verneplan. Lurefjorden og Lindåsosane er eit spesielt fjordsystem. Lurefjorden er 440 meter djup på det meste. All utskifting av vatn i fjorden skjer over tre grunne tersklar, der gjennomstrøyminga i stor grad er styrt av tidevatnet. Det er dyrelivet på havbotnen som er det primære verneføremålet. Det er forbode å nytte taretrål og annan botntrål innanfor området, og opptak av skjelsand er heller ikkje lov.

Fjordsystemet har ikkje spesielt stort mangfold av artar, men det har eit sterkt økologisk sær preg. Den lokale sildestamma i Lindåsosane er velkjent og særeigen. Mest kjent er likevel Lurefjorden for førekomsten av kronemaneten *Periphyllo periphylla*. Dette er i utgangspunktet ein djupvassart, og det er truleg 50–60 000 tonn av arten i Lurefjorden. Dette gjer arten svært dominante i fjorden.

Nordvest for planområdet ligg Håvarden og Klubben naturreservat. Føremålet med vernet i desse områda er å sikre best moglege vilkår for sjøfuglane i området, samt å ta vare på ein viktig hekkelokalitet med dei plante- og dyreartar som naturleg er knytt til området (jf. verneforskrifta). Viktige fuglegrupper er sildemåke, fiskemåke og raudnebbterne. Her er også gjort observasjonar av fleire raudlisteartar. Naturleg skal området ha gode kvalitetar som hekkested for måkar og terner, men det er registrert svikt i hekkinga frå slutten av 80-talet.

### 5.2 Artsregistreringar

Innanfor planområdet eller i nærområdet er det fleire registreringar av artar i artskart (artsdatabanken). Dette inkluderer ein del fugleartar som er oppført på raudlista: Vipe (raudlistekategori CR-kritisk trua), hettemåke (CR), krykkje (EN-sterkt trua), makrellterne (EN), storspove (EN), fiskemåke (VU-sårbar), gråmåke (VU), granmeis (VU), sandsvale (VU), gauk (NT-nær trua), tjeld (NT), storskarv (NT), stær (NT) og sivspurv (NT) sjå Figur 5-1.


Rett aust for planområdet (Terneskjæret) er det registrert raudlista artar. Det er blant anna krykkje (EN-sterkt trua) og sjøørre (VU-sårbar). Funndato er 2009. Søraust for planområdet, ved Tvirbergøyna, er det registrert fleire raudlista

artar, ærfugl (VU-sårbar), makrellterne (EN-sterkt trua), hettemåke (CR-kritisk trua). Ved Geitarøyna på andre sida av fjorden er det registrert eit område for ærfugl (VU-sårbar).

Det er òg registrert ein del fugleartar som ikkje er oppført på raudlista. Artar som vart observert i 2005 inkluderer , ringdue, trepiplerke, enkeltbekkasin, tornirisk, grønnsisik . I 2006 vart jernspurv, ringdue, gråfluesnapper, toppmeis, grårost, svartmeis, sildemåke, kråke, ravn og blåmeis observert. Artar som vart observert i området både i 2005 og i 2006 inkluderer kjøttmeis, grønnfink, sandlo, svartrost, strandsnipe, løvsanger, rødvingetrost, gjerdessmett, rødstrupe, tornsanger, fuglekonge, heipiplerke, bokfink, steinskvett og brunsisik. Heipiplerke er ein art av særleg stor forvaltningsinteresse (ansvarsart). Det er òg registrert bergirisk (art av stor forvaltningsinteresse), samt gjort registrering av heipiplerke like utanfor planområdet, langs traseen for energitunnelen som går i retning nordvest-søraust. I tillegg er det registrert havsvale (observert 2008), tårfalk (observert 2009), havørn (observert 2011 og 2019), grågås (observert 2019), hornugle (observert 2019), orrfugl (observert 2010) og, rosenstær (observert 2014) innanfor planområdet. Det er òg registrert heitorvmose innanfor planområdet, søraust for eksisterande høgdebasseng. Dette er ein art av særleg stor forvaltningsinteresse. Like utanfor planområdet, er det registrert musvåk. Dette er ein art av særleg stor forvaltningsinteresse, men registrert som LC-livskraftig, og registreringa er frå 2013. Det er registrert trekkvegar for hjort (LC-livskraftig) nord for planområdet.

I sjøområda like nord for planområdet er det registrert stortare, samt sjøpølsa *Labidoplax buskii*. Dette er artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Sjå òg omtale av verneområde og omtale og kart over naturtypar (Figur 5-2).

Framande artar i nærområdet ved Mongstad er algene pollpryd og krokbaerer, begge i framandartar med SE-svært høg risiko. I same område er det også registrert mink (SE). Det er også registrert japansk sjølyng (SE) og japansk sjøpong / havnespy (SE) i sjøområda rundt. Framande planteartar er langs veg og fylling kan også vera aktuelle sjølv om desse ikkje er registrert i artskart. Ved tiltak i sjø er det svært viktig å unngå spreying av framande artar. Arten japansk sjøpong / havnespy er vurdert til å ha ein stor økologisk verknad og kan fortrenga dei fleste andre naturlige og filtrerande artane. Denne arten er rekna som ein «ecosystem engineer» med sin evne til å omforma habitat som blir invadert. Det er også fare for at arten kan spreia med båtar og utstyr som står i sjø som fortøyning, tau mm. (kjelde: Norsk raudliste for artar 2021)




Figur 5-1 Registreringar av raudliste-(raude rundingar) og framande artar (lilla/blå) frå artskart pr. 29.03.22. Blå sirkel viser nærmeste registrering til tiltaksområdet for vipe (CR-kritisk trua)

### 5.3 Naturtypar

Det er ingen registrerte naturtypar innanfor planområdet.

Registrerte naturtypar i områda rundt planområdet er vist i Figur 5-2. Punkt 1 i figuren: Fire område med større tareskogførekomstar, og eitt område med skjellsand. Alle områda er registrert med verdi *viktig*. Punkt 2: Større tareskogførekomstar med verdi *viktig*. Punkt 3: Større tareskogførekomstar, med verdi *svært viktig*. Punkt 4: Naturbitemark med verdi *viktig*, strandeng og strandsump med verdi *svært viktig*, og kystlynghei med verdi *viktig*. Punkt 5: Kystmyr med verdi *viktig*. Punkt 6: Kystlynghei (utvalt naturtype), med verdi *viktig*. Punkt 7: Kystlynghei, verdi *lokalt viktig*. Punkt 8: Fem bløtbunnsområder i strandsona med verdi *viktig*, og to område med verdi *lokalt viktig*. Punkt 9 viser Israndavsetning på havbunnen med verdi *viktig*, basert på NGU sine geologiske kart, samt literaturstudier. Israndavsetninger er ein viktig naturtype sidan substratet er ulikt fra omgivnadene, noko som kan gje spesielle artssammensetningar som til dømes hardbunn med steiner og korallforekomstar og liknande (kjelde DN-håndbok 19).



Figur 5-2 Registrerte naturtypar i nærleiken av planområdet. Kilde; økologiske grunnkart, artsdatabanken. Planområdet er markert med brun pil.

## 5.4 Sjøområda

Tiltaksområdet består av dei områda som vert direkte fysisk påverka ved gjennomføring av planlagde tiltak og tilhøyrande verksemd, medan influensområdet og omfattar dei tilstøytane områda der tiltaket vil kunne ha ein effekt. I dette tilfellet vil tiltaksområdet defineraast som sjølve planområdet.

Influensområdet for planen er området der ein kan ha påverknad av drifta, med hovudvekt på spreing av næringsstoff og partiklar i vassmassane. Spreing av næringsstoff er avhengig av straumtilhøva ved lokaliteten.

Mongstad ligg ut mot eit sjøområde som skrår gradvis mot aust – nordaust til om lag 100 m djup, før det om lag 600 m frå land skrår brådjupt ned mot meir enn 500 meters djup i Fensfjorden. Fensfjorden er ein kystnær og open fjord som strekkjer seg ca. 30 km mot søraust før den går over i Austfjorden. Fjorden er mellom 3 og 5 km bred og ca. 650 m på det djupaste. På grunn av den relativt djupe terskelen, på ca. 350 m, nordvest for Mongstad forventast det gode straum- og utskjiftingshøve gjennom heile året i området utanfor Mongstad og i fjordbassenget. Dette er også stadfestet i dei gode og stabile oksygentilhøva i djupbassenget som er målt i Fensfjorden, sjå Kapittel 7.

Ytre del av Fensfjorden har ein flott skjergard som byr på rike natur- og friluftsopplevingar. Skjergarden vert mellom anna nytta til ulike havsportaktivitetar. Det er fleire sjøfuglreservat og sårbare lokalitetar i fjorden. Områda kring Fensfjorden også er nasjonalt viktige industriområde, og Fensfjorden er eitt av dei travlaste sjøområda i Noreg. På sørssida av fjorden er det omfattande næringsverksemd på Mongstad, med lagring av olje, terminalverksemd, kraftvarmeverk, raffineri og anna prosessindustri. På nordsida av fjorden ligg industriområdet Sløvåg, der det mellom anna er offshore-rella industri, oljelager/terminal, industrihamn, ventekaiar, steinuttak, miljøservice, betongvarefabrikk og reiarlag.

Fleire av verksemndene rundt Fensfjorden handsamar og lagrar farleg avfall og har utslepp til sjø og luft. Industriaktiviteten kan ha verknad på marint biologisk mangfold, til dømes gjennom ikkje planlagde utslepp av giftige stoff og utslepp av ballastvatn som kan føre til innføring av framande artar.

Fensfjorden er ikkje på lista over nasjonale laksefjordar eller laksevassdrag. Næraste laksefjord er Fjordane rundt Osterøy, og nærmeste laksevassdrag er Vossovassdraget. I dei nasjonale laksefjordane er det ikkje tillate med nye matfiskanlegg for laksefisk. Det er fleire anadrome vassdrag i fjordsystemet, sjå kapittel 5.6.

## 5.5 Kystnære fiskeridata / økologiske funksjonsområde

Registreringar og informasjon om kystnære fiskeridata er henta frå Fiskeridirektoratets database. Et økologisk funksjonsområde er etter naturmangfoldloven definert som område som fyller ein økologisk funksjon for artar. Slike funksjonsområder må ha sentrale funksjoner i ein att sin livssyklus og være lokalisert til spesifikke område.

Det er eit registrert eit gytefelt for torsk med navn Knarsvika / Knarrviksviki søraust for planområdet. Dette gyteområdet ligg i overkant av ein kilometer frå det planlagte landanlegget, og har verdi C- lokalt viktig. På motsett side av Austfjorden er det fleire gytefelt, sjå Figur 6-1. Næraste gytefelt på motsatt side av fjorden har navn Haugdalsosen, og er eit regionalt viktig gytefelt (B-verdi) for kysttorsk sør for 62 grader nord. Nordvest for Mongstad finn ein gyteområde for torsk «Sør av Hundvikholmen», med verdi C- lokalt viktig.


Torsk har status som sårbar (VU) på den globale raudlista, men står som livskraftig (LC) på norsk raudliste. Gyteperioden for torsk er frå februar til april.

Dei registrerte gyteområda for torsk er også viktige økologiske funksjonsområde.

## 5.6 Anadrome vassdrag i fjordsystemet

I samband med utarbeidning av marin reguleringsplan for Langøy-Ospeneset akvakulturområde i Austfjorden vart det utarbeidd ei konsekvensutgreiing for marint naturmangfold og naturressursar i 2017. Her er det mellom anna gitt ei oversikt over anadrome vassdrag i fjordsystemet Fensfjorden/Austfjorden/Masfjorden. I det følgjande er deler av innhaldet frå denne rapporten gjengjeve, supplert med nyare data der det finst.

Det er fleire mindre sjøaureelvar forbunde med fjordsystemet i Austfjorden, og sjøaure frå desse vassdraga nyttar truleg heile fjordsystemet som beiteområde. Laksesmolt frå vassdraga i Austfjorden (Frøysetelva) og Masfjorden (Haugdalelva og Matreelva) sym ut gjennom Fensfjorden og anlegget på Mongstad på vegen frå elv til havet.



Figur 5-3 Kart over lakseførande strekningar i fjordsystemet Fensfjorden/Austfjorden/Masfjorden. Kjelde; [www.lakseregisteret.no](http://www.lakseregisteret.no)

Matreelva er undersøkt av LFI-Uni Miljø AS i ei årrekke, og det har vore gode fangstar av aure dei fleste år, med ein snittfangst av aure på 293 fisk i perioden 2010-2019. Gytebestanden til laks er betydeleg mindre enn det som er

naudsynt for å nå gytebestandsmålet. I lakseregisteret vert tilstanden til laksebestanden i elva rekna som därleg/svært därleg. Det har imidlertid vore ein høgare fangst av laks dei siste åra samanlikna med 1990-talet, med ein snittfangst på 23 laks i perioden 2010-2019 samanlikna med perioden 1990-1999 då det berre vart fanga 2 laks årleg i snitt. Redusert forsuring er truleg årsaka til auka rekruttering av laks i elva.

Frøysetvassdraget, som òg er eit lakse- og sjøaurevassdrag, munnar ut i sjøen ca. 10 km nordaust for planområdet. Frøysetvassdraget er påverka av forsuring, og laksebestanden i vassdraget har vore utdøydd. Det vart starta opp kalking av vassdraget i 1991, og villaksen har etterkvert reetablert seg. Vassdraget har heile tida vore ope for fiske etter sjøaure, og sidan 2003 har det òg vore opna for fiske etter villaks. Sidan 2003 er det i gjennomsnitt fanga 71 laks årleg. I følgje vitskapeleg råd for lakseforvaltning er laksebestanden i Frøysetelva moderat påverka av rømt oppdrettslaks, og gytebestandsmålet og haustingspotensialet er også moderat. Det var tidlegare ein relativt høg andel oppdrettslaks i fangstane, men denne andelen har gått ned dei siste åra, og det vart ikkje fanga oppdrettslaks i vassdraget i 2013 eller 2015. I lakseregisteret er bestandstilstanden til laks i Frøysetelva satt til moderat, medan sjøaure er registrert som omsynskrevjande. Sidan 2010 har det i gjennomsnitt vore fanga 152 sjøaure årleg.

Haugsdalvassdraget er opphavleg det nest største vassdraget i Masfjorden kommune, men vassføringa er redusert som følgje av vasskraft-regulering. Anadrom strekning er 4,2 km lang. Haugdalselva hadde tidlegare ein laksebestand, men denne var borte tidleg på 80-talet som følgje av forsuring. I perioden etter 1995 vart lakseungar registrert for første gong i 2000, med gradvis aukande førekommst av laks etter dette. Fram til 2001 var fangsten av vaksen laks dominert av rømt oppdrettslaks). Det vart fanga i snitt 21 laks mellom 2010 og 2019 i elva, og snittfangsten av sjøaure var 89 aure i ein periode på 10 år. Sjøaurebestanden i vassdraget er registrert som omsynskrevjande.


Natåselva har ei lengd på 9,42 km. Det er lite laks i elva, og det er berre registrert sporadiske fangstar; 2 laks i 2015 og 1 laks i 2016. Fangst av sjøaure i Natåselva blei først registrert i 2003 der snittfangstane i perioden 2003 til 2009 har vore 84 aure, og i 2010 til 2017 har snittfangsten vært omrent lik med et snitt på 89 sjøaure.

I Nordre Kvingovassdraget er sjøaurebestanden registrert som omsynskrevjande. Det er ingen registreringar i lakseregisteret som gjeld bestandstilstanden til laks i vassdraget.

## 6 Akvakulturlokalitetar i fjordsystemet

Det er fleire akvakulturlokalitetar i Fensfjorden og sidefjordar til denne, sjå Figur 6-1. Den nærmeste sjølokaliteten er Langøy lenger inne i fjorden. Det vil vera i overkant av 5 km frå landanlegg til denne lokaliteten. Denne lokaliteten vert driven av Eide Fjordbruk AS, Engesund fiskeoppdrett AS, Ewos Innovation AS og Troland lakseoppdrett AS. Lokaliteten er klarert for produksjon av 4680 tonn kommersiell matfisk av laks, regnbogeaure og sjøaure.

Som ein del av konsesjonssøknadsprosessen vil potensialet for smittespreiing mellom anlegg bli vurdert, mellom anna på bakgrunn av avstandar til andre akvakulturanlegg, samt straummålingar og plassering av avløps- og inntaksleidningar.



Figur 6-1 Oversikt over akvakulturlokalitetar og gyteområde/gytefelt i områda kring Mongstad. Planområdet er markert med raud sirkel.

## 7 Resipientundersøkingar

Det er gjort fleire recipientundersøkingar i Fensfjorden, grunna den store industriaktiviteten på begge sider av fjorden. I det følgjande vert det gjort ei oppsummering av nokre av desse undersøkingane, for å gi eit bilet av historikken og status for området.

### Recipientundersøking Mongstabase 2009:

I 2009 vart det utført recipientundersøkingar for sjøområda utanfor Mongstabase. Undersøkingane viste at sedimenta var lite påverka av utslepp frå verksemndene på land for dei fleste undersøkte parametrane. Sedimentkvaliteten var i hovudsak tilsvarende naturtilstand, og det var eit godt mangfald i botnfauna på alle målestasjonane (tilstandsklasse 1 = "meget god").

Nivået av tungmetall var stort sett lågt og tilsvarte tilstandsklasse I-II = "bakgrunn – god", men nivået av barium var høgt på nokre stasjonar. Barium kan stamme frå utslepp knytt til offshoreindustrien. Nivået av totalmengd hydrokarbon (THC) i sediment var lågt på alle stasjonar, noko som indikerer liten miljøpåverknad frå denne typen utslepp. Nivået av PAH (polysyklike aromatiske hydrokarbon) varierte frå lågt til moderat høgt. PAH vert ofte kalla tjærrestoff, og desse stoffa finst i steinkulltjære og kreosot, i tillegg til at dei finst naturleg i råolje. Nivået av PCB var lågt, og tilsvarande tilstandsklasse «bakgrunn». Nivået av TBT var høgt, og tilsvarande tilstandsklasse «dårleg» på stasjonen like ved utsleppa utanfor Mongstabase, mens nivået tilsvarte tilstandsklasse «moderat» på dei andre stasjonane i noko større avstand frå utsleppet. Høge nivå av TBT vert generelt funne i sediment nær skipsverft, marinaer, trafikkerte havner og skipsleier ([www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)), og dei registrerte nivåa av TBT i sedimentet er truleg først og fremst grunna skipstrafikken utanfor Mongstabase. For meir informasjon om resultat, sjå rådgivende biologer sin rapport 1288.

Vurdert etter EUs rammedirektiv, vil økologisk status til dei undersøkte sjøområda utanfor Mongstad ligge godt innanfor kravet til "god økologisk status". Resultata frå undersøkinga viste at recipientkapasiteten i området er stor og ikkje maksimalt utnytta slik det er i dag. (Rådgivende biologer, 2009).

### Recipientundersøking Mongstabase 2015:

I 2015 vart det gjennomført ei recipientgransking i området Fensfjorden-Sløvåg. Resultata viste gode oksygenhøve i djupvatnet på begge dei undersøkte stasjonane i Fensfjorden utenfor Mongstad, tilsvarende beste tilstandsklasse I = "svært god". Tidlegare oksygenmålingar gjennom mange år viser om lag identiske forhold i djupvatnet i Fensfjorden. Resultata av sedimentkvalitet indikerte gode nedbrytingsforhold i recipienten til dei undersøkte utsleppa utanfor Mongstabase. Dette er truleg på grunn av at utsleppa ligg i tilknyting til opne vassmassar med svært god

vassutskifting i den store og djupe Fensfjorden. Undersøkinga viste vidare relativt låge nivå av dei fleste undersøkte miljøgifte i sediment, der nivåa av desse var høgast på dei noko djupare stasjonane. Undersøkinga i 2015 viste tilnærma uendra forhold når det gjeld miljøgifter som ved undersøkinga i 2009 utanfor Mongstadbase.

Når det gjeld blautbotnfauna, låg seks av sju stasjonar som vart undersøkt i 2015 innanfor tilstandsklasse II="god" og viste tilnærma upåverka forhold for blautbotnfauna i Fensfjorden. Artsdiversiteten var veldig høg på dei grunne stasjonane ved Mongstadbasen, og innanfor normalverdien for dei andre stasjonane. Generelt har det vore ein trend for auke av arts- og individtall dei siste 30 åra i Fensfjorden. Det har kanskje samanheng med ein moderat auke i organiske tilførslar i recipienten som blir brukt som føde av moderat forurensingstolerante (ofte partikkelspisende) artar.

#### Recipientgransking Mongstad 2016

I 2016 vart det gjennomført ei marin miljøovervåkingsundersøking ved oljeraffineriet på Mongstad, på oppdrag fra Statoil Petroleum AS. Oljeraffineriet ligg om lag ein kilometer nordvest for Mongstadbase. Hensikten med undersøkinga var å gi ei skildring av miljøforholda i sjøområdet ved anlegget, og vurdere moglege endringar over tid ved samanlikning med tidlegare undersøkingar.

Hovudkonklusjonen frå rapporten er at livet på sjøbotnen ved Mongstad er som tidlegare år arts- og individrikt, og det er ikkje observert teikn til påverknad frå anlegget. Unntaket er ein nyoppretta stasjon i Mongstadviken, der faunasamansetnaden indikerer noko eutrofiering. Det er observert auke i tungmetall og hydrokarbon i sediment frå botnstasjonane rundt Mongstad. Framleis er nivåa låge, med unntak av enkelte PAH-forbindelsar. I vatnet er det funne svært låge konsentrasjonar av hydrokarbon og metall. For PCB i sjøvatn var verdiane òg låge, men høgare enn grenseverdien for dei fleste stasjonar. Det er generelt låge nivå av tungmetall og hydrokarbon i blåskjel, sjølv om det er observert ein liten auke frå 2015. Det er observert ein auke i PFC i albusnegl sidan 2012, og konsentrasjonen av PFOS aukar ved enkelte stasjonar frå 2012 til 2016.

#### Recipientundersøkelse Mongstad 2018

I 2018 vart det gjort marinbiologiske og kjemiske undersøkingar i sjøområdet kring produksjonsanlegget til Equinor på Mongstad. Blåskjel og albusnegl vart analysert for miljøgift. Blåskjela skal gi ein indikasjon på avrenning og eventuell annan forureining til dei øvre vannmassane. Albusnegl vert nytta for å overvåke nivå av perfluorerte forbindelsar (PFAS).

Det er observert ein reduksjon i nivå av perfluorerte forbindelsar i albusnegl på alle undersøkte stasjonar frå 2017 til 2018. Det er ikkje funne konsentrasjonar av PFOS eller PFOA i albusnegl over grenseverdi for biota på nokon av stasjonane. Det er framleis ein auke av hydrokarbongruppene TPH og PAH i blåskjel, som det har vore sidan 2015. Den aukande konsentrasjonen kan stamme frå avrenning frå land og/eller auken i skips- og havnetrafikk. Konsentrasjonane vert likevel ansett som låge, og det er ingen av forbindelsane med tildelt grenseverdi som er nære ved å overskride desse.


Dei fleste stasjonane har hatt ein reduksjon eller ein stabil trend når det gjeld konsentrasjon av tungmetall i blåskjel. Blant dei analyserte metalla er det berre kvikksølv som er tildelt grenseverdi. Ingen av dei analyserte blåskjelprøvane i 2018 hadde kvikksølvnivå over denne grenseverdien. Dette er ei forbetring frå tidlegare år.

#### Oksygenmålingar i fjordsystemet

Rådgivende Biologer har gjort fleire oksygenmålingar, både i Austfjorden og i Fensfjorden, mellom anna i samband med konsekvensutgreiing for Langøy-Ospeneset i Austfjorden i 2017. Resultata viser at miljøtilstanden i Austfjorden ut frå dagens oppdrettsaktivitet er «svært god» ut frå oksygenmålingar i fjordbassenget. Rapporten konkluderer med at oksygenmålingar i Fensfjorden over tid også viser svært gode tilhøve med omsyn på oksygenmetting i djupvatnet, og at tilhøva over tid ikkje har endra seg nemneverdig. Dette stadfestar dei gode og stabile oksygentilhøva i djupbassenget i Fensfjorden, og som syner at vassførekosten er lite sårbar og påverkbar for det som har vore av organiske tilførslar. Det er konkludert med at oppdrettsaktiviteten i Austfjorden – Fensfjorden bassenget over tid ikkje ser ut til å ha gitt negativ verknad for oksygentilhøva. Det store og djupe fjordbassenget er kystnært og djupt, og meir eller mindre ope heilt ut mot kysten utan nokon definert terskel.

Resipientundersøkingar 2016-2022

Det er peika på to stasjoner lengre sørøst for Mongstad i grensa mellom vassførekost Fensfjorden og vassførekost Austfjorden med analyseverdiar for sink i klasse III- Moderat, etter M-608(1), sjå Figur 7-1.



Figur 7-1. Kartet viser stadene der det er funnet for høge sink-verdiar i sedimentet (raude), og alle stadene der sinkverdiane er låge (grøne). Raudt punkt i nord er ved C2-Langøyna, og lengst sørøst er stasjon 14 /B7 i Marin overvaking Hordaland, Kartkilde: database Vannmiljø.

Resultata frå Marin overvaking Hordaland- 2019 viste at sinkverdiar frå stasjon B7A var på 132mg sink/kg TS, noko som svarar til klasse II-God.

For stasjon ved C2-Langøyna (Figur 7-1), finn vi ikkje at det er utført nye analyser etter 2016. Grenseverdi for sink i klasse III-Moderat ligg på 139 mg sink/kg TS, og stasjonen er difor i nedre grense til moderat med analyseresultat på 140 mg sink /kg TS.

I samband med recipientgranskning av Fensfjorden Sør er det i mars 2021 utført analyser av sink ved tre stasjoner på 32, 375 og 385 meters djup av Rådgivende Biologer. Alle dei tre undersøkte stasjonane viste låge verdiar for sink med verdiar på mellom 5,5 -14,3 mg sink /kg TS noko som svarar til klasse I-Bakgrunn og beste tilstandsklasse.

Oksygentilhøva ved botnen viste tilstandsklasse I-Svært god og økologisk tilstandsklasse for botndyr viste også tilstandsklasse I -Svært god.

I statusrapport frå MOH er prøvestasjon i Fensfjorden kalla Austfjorden st. 14 for vassprøvar og st. B7 /B7a for sediment og botndyr. Analyser av botndyr viste beste tilstandsklasse, I-Svært god, for nEQR-snitt både i 2016 og 2019 Tabell 7-1. Resultat frå tilstandsklassifisering ved stasjon i Austfjorden frå Marinovervåking Hordaland, og tre stasjoner frå førehandsgranskning ved Mongstad, av Rådgivende Biologer. Blå farge viser tilstandsklasse I-Svært god, Grøn farge, klasse II-God, Gul farge klasse III-Moderat.. Vassprøver for næringssalt og klorofyll-a viser at snitt for 2016 til 2020 har lave verdiar med beste tilstand, I-Svært god, både for sommar og vinterperioden , Tabell 7-1. Resultat frå tilstandsklassifisering ved stasjon i Austfjorden frå Marinovervåking Hordaland, og tre stasjoner frå førehandsgranskning ved Mongstad, av Rådgivende Biologer. Blå farge viser tilstandsklasse I-Svært god, Grøn farge, klasse II-God, Gul farge klasse III-Moderat.. Snitt for siktetdjup ved stasjonen i same periode viser tilstand II-God. Oksygen ved botn med 20 målingar over 5 år viser tilstandsklasse I-Svært god.

Vi ser difor at nye undersøkingar av sink, biologi (botndyr), oksygen ved botnen og næringssalt i øvre vasslag alle kjem ut med ein god tilstand i området ved stasjon B7/st. 14 i Fensfjorden. Også analyser av sink-verdiar ved Mongstad i 2021 viste låge verdiar i tilstandsklasse I- Bakgrunn.


*Tabell 7-1. Resultat frå tilstandsklassifisering ved stasjon i Austfjorden frå Marinovervåking Hordaland, og tre stasjoner frå førehandsgransking ved Mongstad, av Rådgivende Biologer. Blå farge viser tilstandsklasse I-Svært god, Grøn farge, klasse II-God, Gul farge klasse III-Moderat.*

Stasjon	Stasjon Austfjorden						Snitt 2016-2020	RB, 2021
		2016	2017	2018	2019	2020		
Austfjorden MOH	Siktedyp	II	II	II	I	II	II	
	Oksygenkonsentrasjon bunnvann	I	I	I	I	I	I	
	Næringsalter vinter	snitt feb 2016-des. 2020, 5-15 m dyp						
	Næringsalter sommer	snitt feb 2016-des. 2020, 5-15 m dyp						
	Bløtbunnsfauna, B7 /B7a	I			I			
	Sink mg/kg, B7/B7a	160			132			
Mongstad, RB	Bløtbunnsfauna,							I
	Sink mg/kg, MOB 1, 6, 10							11 til 54

#### Førehandsgransking

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå Mongstad Eiendomsselskap AS utført ei førehandsgransking ved Mongstad Base i Alver kommune, der det er planlagd eit landbasert fiskeoppdrettsanlegg. Utsleppet frå det planlagde anlegget vil ha utløp på sørssida av Fensfjorden på ca. 30 m djup, kor botnen skrånar bratt nedover mot nordaust til 300 m djup vel 180 m frå land, sjå Figur 7-2.

Klassifisert etter rettleiar 02:2018 hamna stasjon Mob1, Mob6 og Mob10 i tilstandsklasse "svært god". Stasjonane framstod som ikkje påverka av organisk forureining. På stasjon Mob1 var middelverdien for individtalet litt over normalen og middelverdien for artstalet var normalt. Samla var arts mangfaldet på stasjonen høgt. På stasjon Mob6 og Mob10 var middelverdien for både individ- og artstal normal, men det var fleire artar og individ på stasjon Mob6 enn Mob10. Artssamfunnet på stasjon Mob6 og Mob10 var like, medan stasjon Mob1 var dominert av andre artar, noko som kan forklaraast med forskjell i botntilhøve og stasjonsdjupne. Likevel var det ei blanding av forureiningssensitive og meir tolerante artar på alle tre stasjonar.



Figur 7-2. Oversyn over nærområdet rundt det planlagde utsleppet. Kjelde Rådgivende Biologer.

Sedimentet på den grunnaste stasjonen Mob1 var dominert av sand, medan sedimentet på dei andre stasjonane inneholdt mest finstoff (silt og leire). Alle stasjonane hadde lågt innhold av organisk materiale i sedimentet, tilsvarande "god" tilstand på Mob1 og Mob6, og "svært god" tilstand på Mob10. Innholdet av tungmetalla kopar og sink var lågt på alle stasjonane og låg innanfor tilstandsklasse "bakgrunn"

Hydrografiprofilen ved stasjon Mob10 viste relativt homogene tilhøve gjennom vassøyla med høgt oksygeninnhold. Ved botnen på 391 m djup tilsvarte oksygeninnhalten tilstandsklasse "svært god".

Tabell 7-2. Miljøtilstand ved Mongstad Base den 17. mars 2021.

Stasjon	Botndyr	Kopar	Sink	O <sub>2</sub> botn
Mob1	I = "svært god"	I	I	
Mob6	I = "svært god"	I	I	
Mob10	I = "svært god"	I	I	I

#### Pågående og planlagde undersøkingar

Rådgivende Biologer har igangsatt nye målingar av sinkverdiar på dei aktuelle lokalitetane, og foreløpige resultat viser sink-verdiar under grenseverdi. Desse målingane estimerast ferdige i juni 2022.

I dei neste 3 åra skal fjordsystemet overvakast som del av eit større spleiseland mellom industri, oppdrett og kommunar. Programmet inneholder ei klassifisering av vassøyla på tre sentrale punkt i Austfjorden og Fensfjorden. Dette vil gje god kunnskap om «dagens» vasskvalitet. I tillegg skal det takast 3 botnfaunaprøver i dei same tre punkta og miljøgifter ved 8 lokalitetar som vil gje viktig innsikt i påverknadsbilete i fjordsystemet. Prøvar av botndyr og miljøgifter blir gjennomført ein gong og allereie i 2022. Vassøyla skal overvakast i 3 år (næringssalt og klorofyll).

## 8 Påverknad

### 8.1 Landområda

Storparten av planområdet har vore gjenstand for omfattande inngrep. Det er ikkje registrert verdifulle naturtyper innanfor planområdet. Dei registrerte artane i området omfattar nokre raudlista fuglearter. Det er ikkje registrert verdifulle viltinteresser innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert framande arter innanfor planområdet, men det vil ikkje seie at desse ikkje kan finnast i området. Typisk område for framande plantearter er langs veg og fylling. Det må presiserast at det ikkje er gjennomført synfaring i området i samband med dette planarbeidet.

Massar i området må handterast på korrekt måte med omsyn til ev. framandartar. Mange artar, som t.d. parkslirekne, lupin og mongolspringfrø, er artar som har stor risiko for spreiling og har negativ påverknad på biologisk mangfald ved feil massehandtering

Utbygginga i planområdet vil ikkje legge beslag på urørte naturområde, men halde seg innanfor grensene for området der det allereie er etablert industri. Dei negative verknadene av tiltaket på naturmangfald på land vil vere støy, uro og lys frå anlegget, i hovudsak i anleggfasen, men òg i driftsfasen.

Tiltaket fører ikkje til nedbygging av naturområde. I anleggfasen, og i noko grad i driftsfasen, vil det vere aktivitet og støy som kan verke negativt på biologisk mangfald både innanfor planområdet og i influensområdet.

Sprenging av tunnelane vil medføre ein del støy som kan verke forstyrrende for fuglar som hekkar i nærområda. Dette kan gjelda fugl både innanfor og utanfor planområdet, og i Håvarden og Klubben naturreservat, som ligg nordvest for planområdet. Det bør difor ikkje utførast sprengingsarbeid i hekkeperioden til sjøfuglane, frå april til juli.

## 8.2 Sjøområda

### 8.2.1 Arbeid i anleggfasen

I anleggfasen vil det vera ein del støy og forstyrningar innanfor planområdet. Dette vil kunne verke forstyrrende for marint liv. Dette vil vera forbigåande, og det er allereie eit veletablert industriområde med mykje trafikk og støy i dag. Det skal ikkje utførast sprengingsarbeid i perioden april til juli, av omsyn til hekkande sjøfugl i nærområda.

### 8.2.2 Fysisk påverknad på sjøbotnen


Det er planlagt utfylling i sjø/utviding av kaianlegg. Lokal flora og fauna tilknytt sjøbotnen vert negativt påverka av dette gjennom permanent arealbeslag og det akutte, fysiske inngrepet ei utfylling i sjø er. Arealbeslaget er permanent, men flora og fauna vil kunne re-establierast. Utfylling i sjø er eit tiltak som krev løyve, og det vil verte stilt miljøkrav til tiltaket i den samanhengen.

Det er per i dag ikkje kjent kor utslepps- og avløpsleidning(ar) skal leggast. Det er ikkje registrert naturtypar eller andre registreringar i sjøområda like utanfor Mongstadbæse, og det er dermed ikkje grunn til å tru at det vil verte stor grad av påverknad på sjøbotnen grunna legging av leidningar.

Med omsyn til gyteområdet for torsk kan legging av sjøleidning vera negativt dersom dette vert gjort i gytetida eller i perioden torskerogna klekkjer. Avstanden til gyteområdet er i overkant av 1 km frå det området der det er sannsynleg at røyreleidningane skal leggast. Det er difor ikkje vurdert at gyteområdet vert påverka av denne aktiviteten.

### 8.2.3 Utsleppet

Avløpsvatn frå tradisjonelt ferskvassbasert oppdrett vil stige mot overflata når det kjem ut i havet, grunna ulik tettleik på ferskvatn og sjøvatn. Større partiklar i avløpsvatnet vil synke før mindre partiklar, og ein får dermed ei opphopning av felte partiklar nær avløppspunktet.



Figur 8-1 Teoretisk skisse som viser prinsippet med utslepp av ufiltrert avløpsvatn til venstre, og filtrert avløpsvatn til høgre

Avløpsvatn som er filtrert vil mangle dei største partiklane. Den lokale forureininga med opphopning av partiklar vert difor sterkt redusert, sjå Figur 8-1. Det er desse partiklane som kan skape slamhaugar ved utsleppspunktet og dermed anaerobe forhold, då nedbryting av slam forbruker oksygenet i sedimenta.

Som følgje av det planlagde landanlegget vil det verte eit betydeleg utslepp i Fensfjorden. Det er per i dag ukjent kor stor produksjonen blir, samt storleik og samansetnad av utsleppet. Utsleppsløyve vert gitt etter anna lovverk, som ein del av konsesjonssøknadsprosessen, som kjem i etterkant av innlevering av planframlegget. I utsleppsløyvet vert det stilt krav til reinsegrad og utsleppsmengd. Ei vidare vurdering av eventuelle miljøeffektar av utslepp vil måtte følgjast opp i driftsfasen av dei undersøkingane som vert pålagt dersom det vert gjeve utsleppsløyve til det omsøkte tiltaket. Vurderingane som vert gjort i samband med planarbeidet vil dermed vere av meir generell karakter.

#### 8.2.4 Påverknad på recipienten

Utslepp av sink til sjø frå planlagd anlegg vil etter reinsing vil ein anta å vere knytta til små mengder. Det er difor ikkje å venta at dette utslippet vil bidra til å kunne påverka sedimentkvaliteten i området, der det dessutan allereie er akseptable nivå av sink i sedimentet.

Planlagd tiltak vil ha partikkelleinsing og sannsynlegvis ikkje medføra risiko for målbar auke i sink-nivået i sedimenta i vannforekomsten Fensfjorden. Planlagd utslepp er ikkje forventa å medføra risiko for at vasskvaliteten i fjorden endrast til at ikkje miljømålet «minst god» i 2033 blir overholdt.

Straumtilhøva utafor planlagt landanlegg er undersøkt basert på tilgjengeleg straumdata frå Rådgivande Biologer og modelldata frå Havforskningsinstituttet. Rådgivande Biologer utførte straummålingar utanfor Mongstad i perioden frå 28.01.2004 til 02.03.2004 ved 2 m, 30 m, 60 m, 80 m og 120 m djup, sjå målepunkt i Figur 8-3 (Rådgivande Biologer 2004). Målingane vart utført med en propellmåler SD 6000 frå Sensordata. Ein må være bevigst på at rotoren ved propellmålingar har en startfriksjon tilsvarande 1.4 cm/s. Den kan føre til noko usikre målingar ved låg straum. Gjennomsnittsstraum, maksimalstraum og adel periodar med lite straum er gitt i Tabell 8-1. Straumretninga og vassutskiftinga (mengd vatn som vert transportert gjennom ein kvadratmeters flate i løpet av måleperioden) følgde på alle djupne hovudsakleg topografien i fjorden og gjekk i retning nordvest eller sør aust, ut eller inn fjorden, sjå Figur 8-2.

I tabellar og figur under er straumdata ved Mongstad presentert ved å bruke modelldata frå Havforskningsinstituttet sin straummodell NordFjords160 (NF160). Modellen har ei romsleg oppløysning på 160 meter og 1 time tidsoppløysning. Simuleringsperioden varer frå 01.04.2017 til 02.01.2020. Modellen si oppløysning rundt utsleppsområdet vil ikkje vise topografien i detalj, men modellen kan likevel nyttast til å gje ei generell vurdering av straumhastigkeit og straumretning utanfor Mongstad.


Modellresultant frå NF160 er i denne runden ikkje samanlikna med måledata og er difor ikkje validert.

Straummodellen viser, som målingane frå Rådgivande Biologer, at straumen følger topografien i fjorden.

Vassutskiftinga er vist i Figur 8-3. Både gjennomsnittsstraum og maksimalstraum frå NF160, i Tabell 8-1 S, er noko høgare enn det som går fram av Rådgivande Biologer (2004) sine målingar.

Tabell 8-1 Straumforhold utafor Mongstad. Målingar utført av Rådgivande Biologer (2004) og modelldata frå Havforskningsinstituttet sin modell NorFjords160

		2 m djup	30 m djup	60 m djup	80 m djup	120 m djup
Straumdata frå Rådgivande Biologer sine straummålingar (Februar 2004)  Djup ved målestasjon: 260 m	Gjennomsnittsstraum [cm/s]	5.1	2.9	2.0	3.7	1.8
	Maksimumsstraum [cm/s]	30.2	11.8	7.8	25.0	10.4
Straumdata frå Havforskningsinstituttet sine straummålingar (2017-2020)  Djup ved modellpunkt: 360 m (vassdjup i modell: 240 m)	Gjennomsnittsstraum [cm/s]	9.2	5.8	4.5	3.9	3.4
	99 prosentilen [cm/s]	30.1	19.6	16.5	15.3	12.6
	Maksimumsstraum [cm/s]	73.5	38.8	33.6	28.7	26.0



Figur 8-2 Vassutskifting for alle målte djupne (Rådgivande Biologer, 2004)



Figur 8-3 Vatnutskiftingsrose (NF160) ved 2 m (blå), 30 m (rød), 60 m (gul), 80 m (lilla) og 120 m (grøn) djup utanfor Mongstad. Målepunktet til Rådgivande Biologer er markert.

Resipienten Fensfjorden har gode oksygentilhøve, og har i utgangspunktet stor kapasitet. Utsleppet frå anlegget vil likevel ha eit betydeleg omfang. Det er planlagt eit biogassanlegg i tilknyting til landanlegget, der slammet frå produksjonen skal nyttast. Utsleppet frå anlegget vil truleg få pålegg om høg grad av reinsing, noko som er ein viktig forskjell på utslepp frå landanlegg samanlikna med tradisjonelt oppdrett i sjø. Utsleppa frå oppdrettslokalitetar i sjø er om lag ureinsa, og inneholder m.a. mykke meir suspendert stoff både i form av fôrrestar og avføring som inneholder næringssalt. Landanlegget er ikkje detaljprosjeiktert enno, og det er dermed ikkje mogleg å gi ei detaljert oversikt over storleik og innhald på utsleppet. Resipienten har likevel ein forventa god kapasitet til å handtere næringssalt frå den planlagde produksjonen, så lenge partiklar og slam vert filtrert vekk. Sjølv om det er vurderast som kapasitet i recipienten er målsetting frå tiltakshavar at påverknad skal vera så liten som råd.

#### Påverknad på gytefelt

Det ligg eit gytefelt for torsk i overkant av 1 km frå planområdet. Det manglar generell kunnskap om korleis gyteområde vert påverka av utslepp av organisk materiale frå matfiskanlegg. Det er òg uklart i kva grad gytefeltet vert påverka av utsleppet, då utsleppspunkt og straumforhold ikkje er kjent. Det er derfor ikkje mogleg å vurdere påverknaden frå utsleppet på gytefeltet. Det er likevel grunn til å tru at gytefeltet ikkje vert vesentleg påverka av utsleppet, i og med at avstanden er såpass stor.

#### Påverknad på større tareskogforekomstar

Tareskogen er rik på assosiert fauna og flora og er rekna som eit godt matfat for fisk og sjøfugl, i tillegg til å vere eit viktig oppvekstområde for fleire fiskeslag. Tareplanter kan verte påverka på fleire ulike måtar av utslepp frå oppdrett. Ekstra næringssalt i form av ammonium ( $\text{NH}_4$ ) kan auke alger sin vekst fordi dei får tilgang på meir nitrogen. Ofte kan ammonium heller stimulere vekst av hurtigveksande opportunistiske påvekstartar, som trådforma alger eller bladforma grønnalger, enn å stimulere vekst hos seintveksande fleirårige artar som større tang og tare. Eit dekke av

slige artar på stortarebladet, særleg i sommarhalvåret, kan redusere lys og næringstilgang for tareplantene, og føre til lågare vekstrater i vinterhalvåret.

Finpartikulært materiale som svevar i vassmassane kan ytterlegare redusere lystilgangen for tareplanter. Redusert lystilgang kan redusere veksedjupet til stortareplanter, som normalt veks ned til 20–30 meter på norskekysten. Lang tids eksponering for overgjødsling kan føre til at tareskogen blir erstatta med opportunistiske arter. Sedimentering av partikulært materiale på botnen kan også forhindre nye tareplanter å vokse opp.

Dei nærmaste registrerte større tareskogførekomstane ligg nesten 4 km frå planområdet. Sjølv om straumforholda og utsleppsmengd ikkje er kjent i detalj per i dag er det grunn til å tru at tareskogførekomstane ikkje vil verte vesentleg påverka av utsleppet.

#### Påverknad av utslepp på skjellsandområde

Skjellsand består hovudsakleg av knuste skal frå organismar som skjel, sneglar, rur, kråkebollar og kalkalgar. Det er mest skjellsand i skjergarden, der det er mindre sediment frå land, og nok bølgjeenergi til å knuse skala. Skjellsand finn ein gjerne på lesida av holmar og i straumrike sund.

Norge er eit av få land som har store skjellsandførekomstar. Skjellsand har ein økologisk funksjon som habitat for kamskjel, men generelt er det lite kunnskap om kva artar som finst i skjellsand, eller som lever tilknytt dette habitatet. Skjellsand har blitt danna over ein periode på om lag 10 000 år, heilt sidan siste istid.

Det er i dag liten kunnskap om korleis utslepp frå matfiskanlegg påverkar skjellsandområde. Faunaen i skjellsand vert truleg påverka av utslepp av organiske partiklar på same måte som faunaen i blautbotnområde. Det er likevel lite truleg at det vil vere vesentleg påverknad frå landanlegget på skjellsandområdet, som ligg på motsett side av fjorden, og nesten 6 km i avstand frå anlegget.

#### Påverknad av utslepp på blautbotnområde i strandsona

Blautbotnområde i strandsona omfattar bølgjepåverka strender med fin sand, strandflater med mudderblanda sand og strandflater med blautt mudder i bølgebeskytta område. Slike område kan vere svært artsrike, med mange ulike typar skjel, børstemark og små krepsdyr. Mange artar lever nedgravd i sedimentet. Slike blautbotnområde er eit viktig matfat for fugl og fisk, og vert rekna som viktige rasteplasser for trekkfuglar.

Negative effektar av utslepp av næringssalt og organisk materiale på samfunn i grunne blautbotnområde er godt dokumentert frå land som Sverige, Danmark, Tyskland og Frankrike, som har store slike område. For mykje løyste næringssalt, særleg i form av nitrogen, kan føre til auka plant planktonproduksjon i grunne beskytta område. Dette vil igjen føre til auka nedfall av planktondetritus som skaper dårlige oksygenforhold på botnet når det vert nedbrutt. I tilfelle med høge næringssaltkonsentrasjonar kan ein også få tette matter av grønalger som dekkjer området. Tilførslar av små organiske partiklar kan ha same effekt ved at det aukar produksjonen i faunasamfunn, og fører til for stort oksygenforbruk. Studier viser at overgjødsling i slike habitat fører til redusert biomasse og artsmangfold i dyresamfunna.

Det er størst sannsynlegheit for at anlegg som ligg nærmere enn 1000 meter kan påverke naturtypen, men storleiken på anlegget (og dermed utsleppet) samt dominerande retning og styrke på overflatestraum, vassutskifting, bølgje- og tidevasspåverknad spelar inn. Dei registrerte blautbotnområda ligg i overkant av 3 km frå det planlagte landanlegget. Det er dermed ikkje grunn til å tru at utsleppet vil påverke naturtypen i vesentleg grad.

#### 8.2.5 Spreiing av sjukdomar og lakselus

Virussjukdomar er rekna som eit stort problem i oppdrett av fisk i Norge. Informasjon frå veterinærinstituttet sin fiskehelserapport, fiskehelsetjenestane og ulike rapportar viser at det kvart år blir påvist ein eller fleire virussjukdomar ved svært mange norske oppdrettsanlegg. Sjukdomane utgjer ein høg kostnad for akvakulturnæringa, medfører redusert velferd for oppdrettsfisken og kan smitte over på villaks.

Påverknad av lakselus frå oppdrett har lenge vore rekna som ein av dei største miljøutfordringane knytt til oppdrett av laksefisk langs norskekysten. Det er difor etablert nasjonal overvåking av lus på vill laksefisk langs kysten, som omfattar observasjonar av lus på fanga villfisk, samt resultat frå modellberekingar. Modellane bereknar konsentrasijsjon av lakselus i vassmassene, basert på utslepp av lakselus frå dei ulike oppdrettslokalitetane, og vurderer vidare graden av lusepåverknad på vill laksefisk. Effekten av lakselus på vill laksefisk har dei siste åra vore styrande for

vekst i matfiskoppdrett av laks i sjø gjennom trafikklyssystemet. I dette systemet er norskekysten delt opp i 13 produksjonsområde. Den faglege vurderinga av påverknad på villaks har dei siste åra vore grunnlag for Nærings- og fiskeridepartementet sin beslutning om produksjonen i desse områda kan aukast, behaldast som han er, eller reduserast.

Planområdet ligg i produksjonsområde 4 (Nordhordland til Stadt). I følgje Havforskningsinstituttets si risikovurdering for norsk fiskeoppdrett 2021 er dette produksjonsområdet i raud sone. Smittepresset er vurdert til å vera høgt, og risikoene for dødelighet er vurdert som høg for utvandrande laks i dette produksjonsområdet, sjølv om det er stor variasjon innad i området. Det at området er sett i raud sone betyr at oppdrettarane i området vil få ein reduksjon av kapasiteten på sine løvye. Dette gjeld berre anlegg i sjø, men viser at tilstanden med tanke på påverknad frå lakselus er alvorleg i området.

Dette er ein del av bakteppet for kvifor det vert satsa i stor skala på landbasert oppdrett av matfisk. Det er i fleire område ikkje mogleg å auka produksjonen i opne sjøanlegg, på grunn av at problem knytt til mellom anna spreieing av lakselus medfører ein uakseptabel påverknad på vill anadrom laksefisk.

I eit landanlegg har ein betre kontroll på vatnet som blir tatt inn i anlegget, og dette vil verte behandla for å unngå at til dømes virus og lakselus kjem inn i anlegget. Vatnet skal filtrerast og UV-behandlast i henhold til krav frå Mattilsynet, før det kjem inn i produksjonshallar eller -kar. UV virkar som ei biologisk sperre, som hindrar uønska materiale å kome inn i anlegget. På denne måten vil ein ha betre kontroll på patogen, slik at anlegget kan operere sjølv om det blir restriksjonar i produksjonsområdet. Vurderingar knytt til tiltak for å minimere risiko for smitte til og frå landanlegget, samt system for vassbehandling er tema som vert handsama i samband med konsesjonssøknaden, etter anna lovverk. På bakgrunn av dette er det ikkje grunn til å tru at etablering av eit landanlegg for matfisk vil medføre påverknad på anadrom laksefisk i området gjennom spreieing av sjukdomar eller lakselus.

### 8.2.6 Rømming

Planområdet ligg i produksjonsområde 4, Nordhordland til Stadt. I perioden 2015 til 2019 vart det rapportert eit årleg gjennomsnitt på 23 653 rømte oppdrettslaks i dette området. Området er på bakgrunn av dette vurdert til å ha mykje rømming, og tilstanden er vurdert som därleg, jf. Risikovurdering norsk fiskeoppdrett 2021. Genetisk innblanding av rømt oppdrettslaks er påvist i mange laksebestandar og er saman med lakselus den største miljøutfordringa for vill laksefisk knytt til oppdrettsnæringa. Det er fleire anadrome vassdrag i fjordsystemet

Fensfjorden/Austfjorden/Masfjorden, jf. kapittel 5.6, og tilstanden er ikkje god for bestandane i desse vassdraga.

Dette viser at auka oppdrettsproduksjon i opne sjøanlegg utover dagens situasjon, ikkje er i tråd med nasjonale føringar og reglar sett i lys av naturmangfoldlova, lakse- og innlandsfiskelova, samt kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks.

Landanlegg er generelt svært rømmingssikre, og anlegget vil prosjekterast etter NS-9416 (norsk standard for rømming av fisk) med tilhøyrande forskrifter. Tilsvarande vert lasting/lossing sikra ihht. gjeldande krav. Det er difor ikkje venta at det vert påverknad på vill laksefisk på grunn av rømming frå anlegget.

## 9 Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8-12

Det er eit nasjonalt mål å arbeide for bevaring av biologisk mangfold og St. meld (2015-2016), Norsk handlingsplan for naturmangfold – Natur for livet, peikar på at arealplanlegging er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette.

Naturmangfoldlova (nml.) stiller krav til tiltak som skal gjennomførast, for å sikre at «naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geografiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for samisk kultur», jf. § 1 i lova. For å oppfylle dette føremålet skal utøving av offentleg mynde skje på grunnlag av prinsippa i nml. §§ 8-12, jf. § 7.

Vidare følgjer ei vurdering av planforslaget halde opp mot desse prinsippa:

### Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)

Nml. § 8 stiller krav om at offentlege avgjørder som berører naturmangfaldet skal bygge på «vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger».

Kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Det skal leggast vekt på «kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen».

Vurderingane vidare er gjort på grunnlag av kunnskap som er innhenta frå offentlege databasar og publikasjoner som Naturbase, Miljøstatus og Artsdatabankens Artskart, nasjonale rødlister for arter og naturtypar. Det er ikkje gjennomført synfaring i området.

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert å vera tilfredsstillande med omsyn til planformålet sitt omfang. Supplerande informasjon om tiltaket, som til dømes omfang av produksjonen, innhald, omfang og plassering av utslepp, samt oppdatert og meir detaljert kunnskap om resipientkapasitet og straumforholda i fjordsystemet vert handtert i samband med konsesjonssøknadsprosessen.

#### Føre-var-prinsippet (§ 9)

I følge nml § 9 skal ikkje mangel på kunnskap bli brukt som grunngjeving for å utsette eller la vere å treffe forvaltningsstiltak. Føre-var-prinsippet skal brukast når det ikkje føreligg tilstrekkeleg kunnskap til å vite kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet.

I dette tilfellet vil konsesjonssøknadsprosessen, som kjem i etterkant av planframleggelsen, gi supplerande og meir detaljert informasjon som grunnlag til å vurdere verknader som tiltaket vil ha for naturmiljøet. Med dette som utgangspunkt bør føre-var-prinsippet difor tilleggast mindre vekt.

#### Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) –

Den samla belastninga som eit økosystem er, eller vil bli, utsett for skal vurderast, jf. § 10 i naturmangfaldlova. For å vurdere konsekvensen av tiltaket på naturmiljøet skal samanhengen mellom ulike påverknader og den kumulative karakteren til tiltaket sett i forhold til andre gjennomførte og planlagde tiltak bli vurdert.

Planområdet er allereie i bruk som industriområde, og det er lite verdi knytt til naturmangfald på land i planområdet. Naturmangfaldsverdiane er i stor grad knytt til sjø. Det er registrert fleire område med større tareskogforekomstar i dei nærliggande sjøområda, eitt område med skjellsand, og eitt område med naturtypen *Bløtbunnsområder i strandsonen*. Alle desse områda er registrert med verdi *viktig*. Det er òg fleire gytefelt for torsk i sjøområda rundt det planlagte anlegget. Utslepp frå matfiskanlegg kan påverke naturtypane og gytefelta i varierande grad. Det er også registrert raudlistearter, i hovudsak fugl i nærområdet til tiltak som må tas hensyn til. I sjø er det registrert fleire framandarter med svært høg risiko, samt mink på land. Det er også viktig å unngå spreiling av framande artar i forbindelse med eit tiltak. Resipienten er god, og det er gode øksygentilhøve i fjorden. Tilstanden for anadrom laksefisk er dårleg i fjordsystemet, men etablering av matfiskanlegget på land er ikkje vurdert å medføre påverknad på desse bestandane. Konsesjonssøknadsprosessen, som kjem i etterkant av planframleggelsen, vil gi supplerande og meir detaljert informasjon som grunnlag til å vurdere verknader som tiltaket vil ha for naturmiljøet.

Det er vurdert at planforslaget ikkje vil ha betydeleg påverknad i dei sjøområda. Utsleppet frå det framtidige oppdrettsanlegget kan likevel bidra negativt til samla belastning i resipienten og fjordsystemet.

#### Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11)

Tiltakshavar er klar over, ifølgje nml § 11, at kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket medfører, skal dekkast av tiltakshavar. Kostnadene ved å hindre eller avgrense skade inkluderer alle kostnadane ved forebyggande eller gjenopprettande tiltak. I dette kan det òg ligge kostnadane med å framskaffe kunnskap.

#### Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12)

For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder, samt lokalisering av tiltak, vurderast. Generelt bør tiltak gjennomførast på ein mest mogleg skånsom måte, og ulike løysingar må vurderast med omsyn til mellom anna naturmangfald.

I samband med konsesjonssøknadsprosessen vil det verte stilt krav til drifta av anlegget.

Det er stilt følgjande krav i føresegndene:

- Sprengingsarbeid skal ikkje skje i hekkeperioden for sjøfugl (april-juli), jf. § 3.9 – c).
- Massar i området skal undersøkast før flytting ut av området og handterast på slik måte at ein minimerer spreiling av framande artar, jf. § 3.11.2 – d).

- Plassering og utforming av tiltaka, samt produksjonsmåte, artar og type teknologi skal fastsetjast nærmere søknad etter anna lovverk/akvakulturlova m.fl.. Vilkår for drift skal følgje dei til ei kvar tid gjeldande løyper gitt i konsesjon og reguleringar i forskrifter, jf. § 4.1.1 – d).
- Produksjon knytt til akvakultur skal minst vera i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande utsleppsløyve etter forureiningslova. Dette omfattar mellom anna utslepp til vatn, miljøovervaking, utslepp til luft, avfall og lagring av medisin og kjemikalie, jf. § 3.9 – a).
- Ved utfylling i sjø skal siltgardin/siltskjørt eller andre avbøtande tiltak utplasserast for å minske spreiing av finpartiklar og forureining under utfylling, jf. § 3.9 – e)
- Ved arbeid i sjø må ein ta særleg hensyn til forekomster av japansk sjøpung/havnespy for å unngå at desse blir spreidd til nye områder, jf. § 4.3.2 – d).

## **10 Referansar:**

Alme, Haave, Knag, Johansen og Hatlen 2017. Resipientundersøkelse ved Mongstad, 2016. Rapport Fishguard AS og Uni Research AS.

Detaljreguleringsplan for akvakulturlokalitet Toska sør, Alver kommune  
Planomtale med konsekvensutgreiing og ROS-analyse, 2020

DN-Håndbok 19-2001 revidert 2007. Kartlegging av marint biologisk mangfold.

Lovdata. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven), 2009. [Internett] LOV-2009-06-19-100

Knag, AC og Hatlen, K, 2019. Resipientundersøkelse ved Equinor avd raffineri Mongstad, 2018. Fishguard Miljø avdeling Bergen.

Fylkesmannen i Hordaland. Faktaark om Lurefjorden

Havforskningsinstituttet rapport 8 2016 Effekter av utslipper fra akvakultur på spesielle marine naturtyper, rødlista habitat og arter

Havforskningsinstituttet. Miljøeffekter som følge av utslipper av næringssalter fra fiskeoppdrett» i Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2019

Havforskningsinstituttet 2021 – 8. Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2021 risikovurdering, effekter av norsk fiskeoppdrett.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss

Norconsult 2012. Interkommunal plan for Fensfjorden.

Pushmann, O. 2005. Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS-rapport 10/2005

Rådgivende Biologer, rapport 708. 2004. Strømmemålinger for Bergen Aqua AS på Mongstad i Lindås kommune.

Rådgivende biologer, rapport 2456. 2017. Marin reguleringsplan for Langøy-Ospeneset akvakulturområde i Lindås kommune. Konsekvensutgreiing for marint naturmangfold og naturressursar.

Tveranger, B. & C. Todt 2015. Resipientundersøkelse av vannforekomstene Fensfjorden og Sløvåg 2015. Rådgivende Biologer AS, rapport 2167, 72 sider

Tveranger, B., M. Eilertsen, E. Brekke og A.H. Staveland 2010. Resipientundersøkelse utenfor Mongstadbase i Lindås kommune høsten 2009. Rådgivende Biologer AS, rapport 1288, 40 sider.

Wilhelmsen, M., Moen, O. & Overvoll, O. 2015. Viltet i Lindås. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Lindås kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2/2015: 69 s.

Rådgivende Biologer, rapport 3514. 2021. Mongstad Base i Alver kommune, mars 2021. Førehandsgrensning for utslepp frå landbasert fiskeoppdrett.

### **Databaser:**

NIBIO, Kilden - skog og landskap: <https://kilden.nibio.no/> (besøkt januar -21)

NGU – Norges geologiske undersøkelse: Berggrunnskart: <http://geo.ngu.no/kart/berggrunn> Løsmassekart: <http://geo.ngu.no/kart/losmasse> (begge besøkt januar -21)

[www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no)

<https://artskart.artsdatabanken.no/>

<https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021>

<https://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

<https://portal.fiskeridir.no/>

<https://kart.naturbase.no/>